## Solfjell entterlyst og funne

08.03.2012




**Sverrre Johannessen bur i Kopervik på Karmøy. Faren hans, Johannes, reiste på Islandsfiske i ein båt frå Uskedalen, Den heitte Solfjell H-30-K og var eigd av Tørres Myklebust men vart utrusta for islandsfiske av D,Helgesen frå Veavågen på Karmøy**

Sverre lager ei lita biletbok om familien sin og skulle gjerne hatt eit bilete av Solfjell, Han spør om det finst noko slikt på våre kantar og det gjer det - hos Alf Eidsvik i Uskedalen. Vi har fått låne biletet over av han.

Litt historikk om denne pionerbåten: Tørres starta arbeidet medden før krigen, men vart ikkje ferdig. Byggjinga gjekk føre seg på Eikelandet og sjøsetjinga var ei storhending med skulefri og 300 til stades,
Etterat båten var ferdig leigde Alfred Eidsvik plass på Eikellandet men i 1946 leigde han Goakaste på Børnes for 30 år, Det vart starten for skipsbyggeriet.